

Karmøy kommune

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:

20/1100

Dato: 28.02.2023

Saksnr.: 2023/19921

Dok.nr.: 3

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 50 bnr 40 - dispensasjon - oversender  
søknad til uttale - avklaring av div. mindre tiltak - Austre Karmøyveg  
820 – fråsegn vedrørande kulturminne**

Fylkesdirektøren viser til søknad om tillating til diverse mindre tiltak, jf liste vist i brev datert 21.02.2023, på gnr 50 bnr 40 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndighet innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4.

Vi har på den bakgrunn ingen merknader til tiltaka, utover at ein under opparbeidninga av området prøver å unngå inngrep i /skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fylkesdirektøren vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndighet har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing

Jan G. Auestad

Fung. seksjonssjef

Angunn Skeiseid

rådgjevar

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I ROGALAND



*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennlig å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*